

Kvartalsrapport for

2. kvartal 2019



Valle Sparebank

Delårsrapport 2. kvartal 2019

Rekneskapsprinsipp

Det er nytta same rekneskapsprinsipp som i rekneskapen for 2018. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.06.19 er forvaltningskapitalen på 1.672,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 40,7 mill. kroner, eller 2,5 % i forhold til same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.06.19 på 1.378,0 mill. kroner, som er ein vekst på 8,5 mill. kroner, eller 0,6 % i forhold til samme tidspunkt i fjor. Det har vore ein auke på 25,6 mill. kroner eller 1,9 % i forhold til 01.01.19. Banken har ved utgangen av 2. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 681,2 mill. kroner, ein auke på 45,5 mill. siste 12 månadar. Total utlånsending (eigen balanse og EBK) er 2,7 % siste år.

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.06.19 på 1.232,0 mill. kroner, som er ein auke på 31,5 mill. kroner, eller 2,6 % i forhold til same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 89,4 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarende forholdstall 87,7 %. Det har vore ein auke i innskot på 47 mill. kroner eller 4 % sidan 01.01.19.

Resultat av ordinær drift

Resultat av ordinær drift før skatt viser eit overskot på 7,3 mill. kroner, mot eit overskot på 9,2 mill. kroner til same tid i fjor. Resultatet etter skatt viser eit overskot på 6,1 mill. kroner, mot eit overskot på 7,3 mill. kroner til same tid i fjor.

Rentenetto

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 14,2 mill. kroner, som er 0,4 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,74 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,72 % på same tidspunkt i fjor.

Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter er på 6,8 mill. kroner, som er ein auke på 0,8 mill. kroner i forhold til same tidspunkt i fjor.

Andre driftskostnader

Andre driftskostnader utgjorde 13,4 mill. kroner mot 12,3 mill. kroner i same periode i fjor. Av dette er 10,3 mill. kroner løn og generelle administrasjonskostnader mot 9,1 mill. kroner i fjor.

Tap og misleghald på utlån og garantiar

Netto tap på utlån og garantiar utgjer ein kostnad på 0,36 mill. kroner, mot ein inntekt på 1,66 mill. kroner til same tid i fjor.

Kapitaldekning

Banken har ein ansvarleg kapital på 172,1 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal 2019. Dette gir ei kapitaldekning på 21,00 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning med eierforetak i samarbeidande grupper er 19,36%.

Spesielle kommentarer til resultat og balanse

Utån til personmarknaden utgjer 1.230 mill. kr (1.212,5 på same tidspunkt i fjor) eller 89,3 % av samla utlån i eigen balanse. Utlån til næringsmarknaden utgjer 147,5 mill. kr (157 på same tidspunkt i fjor) eller 10,7 % av samla utlån i eigen balanse. LCR pr 30.6.19 er 145.

Utsikter for resten av året

Rentemarginen har auka i høve til på same tid i fjor på grunn av auke i rentenivået. Noregs Bank har det siste året sett opp styringsrenta 3 gonger. Styret forventar at rentemarginen vil auke også neste halvår. Likviditetssituasjonen er betryggjande, og banken har få, små og godt spreidde låneforfall.

Utlånsutviklinga har så langt i år vore mykje svakare enn budsjettert, men kundeveksten har halde fram. Styret forventar framleis hard kamp om kundane framover, men er svært nøgde med at satsinga med bemanna rådgjevarkontor to dagar i veka i Vennesla har vore så vellukka. Styret forventar jamn utlånsvekst ut året.

Den realøkonomiske utviklinga, og risikoen for tap på utlån, er nok den viktigaste enkeltfaktoren som kan påverke resultatutviklinga den nærmaste tida. Fokus på engasjementsoppfølging og kredittrisiko vil difor verte prioritert framover.

Vale, 15.august 2019

Olav K. Mosdøl
(styreleiar)

Anne Gjerden
(nestleiar)

Geir Olav Uppstad

Elisabeth A.Spockeli

Tor Arild Rysstad

Jostein Rysstad
(Adm. banksjef)

Resultatrekneskap

Prosent av gj. sn. forv. kapital

Beløp i hele tusen

30.06.18	31.12.18	30.06.19		30.06.19	31.12.18	30.06.18
2,72 %	2,77 %	2,85 %	Renteinntekter og liknande inntekter	23.375	45.176	21.805
1,00 %	1,01 %	1,12 %	Rentekostnader og liknande kostnader	9.150	16.470	8.015
1,72 %	1,76 %	1,74 %	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	14.225	28.706	13.790
0,24 %	0,12 %	0,31 %	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.551	1.943	1.943
0,58 %	0,57 %	0,58 %	Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	4.746	9.296	4.647
0,11 %	0,11 %	0,11 %	Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	910	1.741	856
0,03 %	0,01 %	0,04 %	Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	349	101	233
0,01 %	0,01 %	0,01 %	Andre driftsinntekter	105	240	104
0,76 %	0,60 %	0,84 %	Sum andre driftsinntekter	6.841	9.839	6.071
1,13 %	1,21 %	1,26 %	Løn og generelle administrasjonskostnader	10.339	19.632	9.078
0,03 %	0,03 %	0,03 %	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidler og immaterielle egedelar	249	499	249
0,37 %	0,33 %	0,34 %	Andre driftskostnader	2.771	5.329	2.952
1,53 %	1,56 %	1,63 %	Sum andre driftskostnader	13.359	25.460	12.279
0,95 %	0,80 %	0,94 %	Driftsresultat før tap	7.707	13.085	7.582
0,21 %	0,00 %	-0,04 %	Tap på utlån, garantiar m.v.	-364	-74	1.657
0,00 %	0,09 %	0,00 %	Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler	0	1.411	0
1,15 %	0,89 %	0,90 %	Resultat av ordinær drift før skatt	7.343	14.422	9.239
0,24 %	0,20 %	0,15 %	Skatt på ordinært resultat	1.250	3.224	1.950
0,91 %	0,69 %	0,74 %	Resultat av ordinær drift etter skatt	6.093	11.198	7.289

Balanse

Egedelar

Beløp i hele tusen

	30.06.19	31.12.18	30.06.18
Kontantar og fordringar på sentralbankar	30.951	29.617	26.057
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	32.637	46.856	55.366
Utlån til og fordringar på kundar	1.377.974	1.352.401	1.369.505
- Nedskrivningar på individuelle utlån	-4.574	-4.115	-6.130
- Nedskrivningar på grupper av utlån	-2.600	-2.600	-2.600
Netto utlån og fordringar på kundar	1.370.800	1.345.686	1.360.775
Overtatte egedelar	2.180	1.000	0
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	117.468	131.444	124.666
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	97.411	90.734	42.155
Eigarinteressar i tilknytt selskap	0	0	0
Eigarinteressar i konsernselskap	0	0	0
Immaterielle egedelar	0	0	0
Varige driftsmidler	14.011	14.140	14.389
Andre egedelar	1.148	2.483	1.324
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	6.128	5.379	7.293
Sum egedelar	1.672.734	1.667.339	1.632.025
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	110.385	160.532	160.236
Innskot frå og gjeld til kundar	1.232.046	1.185.034	1.200.536
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	99.892	99.872	49.915
Anna gjeld	6.923	8.453	5.321
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	8.307	2.014	6.827
Avsetningar for påkomne kostnader og skyldnader	424	424	678
Ansvarleg lånekapital	0	0	0
Sum gjeld	1.457.977	1.456.329	1.423.513
Opptent eigenkapital	208.664	211.010	201.223
Udisponert overskot	6.093		7.289
Sum eigenkapital	214.757	211.010	208.512
Sum gjeld og eigenkapital	1.672.734	1.667.339	1.632.025
Vilkårsette skyldnader	23.940	51.398	35.385
Skyldnader	79.439	79.317	59.009

Tap på utlån	30.06.19	31.12.18	30.06.18
Misleghaldne lån:			
Brutto misleghaldne lån:	12.259	3.185	3.493
Netto misleghaldne lån:	10.884	3.185	1.538
Tapsutsette lån:			
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	5.722	7.491	8.979
Netto tapsutsette, ikkje misleghaldne lån	2.522	3.376	4.804
Tap på utlån og garantiar:			
Periodens endring i nedskrivning på individuelle utlån og garantiar	460	1.753	-1.657
+ Periodens endring i nedskrivning på grupper av utlån og garantiar	0	0	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år er avsett / nedskriva for	0	-1.462	0
+ Periodens konstaterte tap som det tidligare år ikkje er avsett / nedskriva for	28	208	208
- Periodens inngang på tidlegare periodars konstaterte tap	-124	-425	0
Periodens tapkostnader	364	924	-1.449

Kvartalsvis resultatutvikling	2.kvartal	1.kvartal	4.kvartal	3.kvartal	2.kvartal
<i>(Tal i heile tusen)</i>	2019	2019	2018	2018	2018
RESULTAT					
Renteinntekter og liknande inntekter	12.082	11.293	11.772	11.599	10.997
Rentekostnader og liknande kostnader	4.693	4.457	4.418	4.037	4.044
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	7.389	6.836	7.354	7.562	6.953
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	2.494	57	0	0	1.924
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	2.382	2.364	2.419	2.230	2.379
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester	499	411	450	435	429
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	129	220	-77	-55	146
Andre driftsinntekter	53	52	101	35	52
Løn og generelle administrasjonskostnader	4.692	5.647	6.049	4.505	4.588
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	124	125	125	125	124
Andre driftskostnader	1.409	1.362	1.280	1.097	1.521
Resultat før tap og skatt	5.723	1.984	1.893	3.610	4.792
Tap på utlån, garantiar m.v.	65	-429	-799	-932	1.864
Nedskr./revers. av nedskr. og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	1.408	3	0
Skatt på ordinært resultat	860	390	624	650	1.275
Resultat av ordinær drift etter skatt	4.928	1.165	1.878	2.031	5.381

Nøkkeltal	30.06.19	31.03.19	31.12.18	30.09.18	30.06.18
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,74 %	1,68 %	1,76 %	1,76 %	1,72 %
Driftsinntekter	0,84 %	0,56 %	0,60 %	0,65 %	0,76 %
Driftskostnader	1,63 %	1,75 %	1,56 %	1,48 %	1,53 %
Resultat for rekneskapsåret	0,74 %	0,29 %	0,69 %	0,77 %	0,91 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	5,89 %	2,24 %	5,31 %	6,19 %	7,30 %
Kostnader i % av totale inntekter	63,41 %	78,24 %	66,05 %	61,67 %	61,82 %
Kostnader i % av totale inntekter eks. kursvinst./tap	64,48 %	80,18 %	66,23 %	62,05 %	62,56 %
Tap i % av brutto utlån	0,03 %	0,03 %	0,01 %	-0,05 %	-0,12 %
Netto ansvarleg kapital	172.094	175.810	180.959	171.117	172.717
Kjernekapital	172.094	175.810	180.959	117.117	172.717
Tilleggskapital	0	0	0	0	0
Risikovekta balanse	819.550	799.935	808.875	823.290	799.163
Kapitaldekning i %	21,00 %	21,98 %	22,37 %	20,78 %	21,61 %
12 mnd forvaltningsvekst	2,49 %	0,96 %	3,77 %	7,48 %	4,57 %
12 mnd utlånsvekst	0,62 %	0,23 %	0,74 %	5,33 %	3,17 %
12 mnd innskuddsvekst	2,62 %	2,39 %	1,99 %	7,56 %	7,37 %
Innskudd i % av utlån	89,41 %	88,90 %	87,62 %	83,12 %	87,66 %
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)	1.651.444	1.650.282	1.628.944	1.622.047	1.614.880
Antall årsverk	14,0	14,0	13,0	13,0	13,0